

Morten Landaas
Hetleviksstraumen 5
5173 LODDEFJORD

Dato: 09.06.2015
Vår ref.: 2015/552-21
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Bruk av erstatningskøyretøy for drosje

Me viser til tidlegare kontakt, seinast brevet ditt av 22.05.2015.

Du viser til at vilkåra for bruk av erstatningsbil ikkje har vore presentert for deg tidlegare, og du grunnjev bruken av erstatningsbil med praktiske omsyn då det er stor avstand mellom sjåførane som skal avløyse kvarandre. Vidare viser du til at kostnadene ved å flytta taksameter frå den ordinære drosja til erstatningsbilen er høge, at du i god tru har investert i erstatningsbil og at Bergen Taxi har gode tekniske løysingar som sikrar at du ikkje har alle 3 bilane i drift samstundes. Avslutningsvis søkjer du om avviklingstid for erstatningsbilen til 1. august 2016 av økonomiske og praktiske omsyn.

Vilkåra for å nytta erstatningsbil går som vist i vårt brev til deg av 17.04.15, fram av yrkestransportforskrifta § 48, tredje ledd. Bestemminga har vore gjeldande rett i heile perioden du har vore løyvehavar. Som løyvehavar har du eit sjølvstendig ansvar for å setja deg inn i regelverket som gjeld for verksemda di.

Bruk av erstatningsbil av andre omsyn enn skade eller reparasjon av den ordinære drosja er ikkje i tråd med regelverket. Ein kan ikkje nytta erstatningsbil av praktiske omsyn, t.d. fordi sjåførar bur langt frå kvarandre. Ved slik bruk av erstatningsbil vil ein òg bryta yrkestransportforskrifta § 13 der det går fram at:

*«Et løyve gjelder for transport for en motorvogn.
Motorvognen skal under løyvepliktig transport være utstyrt med de løyvedokument i original som skal fremvises ved kontroll, jf. yrkestransportlova § 30 (...)»*

Samferdselsavdelinga legg til grunn at du gjennom å la erstatningsbilen inngå i drifta vekselvis med den ordinære drosja med stopp og start frå ulike geografiske stader, ikkje har originalt løyvedokument i begge bilane under den løyvepliktige transporten.

Kostnadene ved å flytta taksameter kan vera rekningssvarande ved lengre driftsstans, for kortare driftsstans har du som innehavar av reserveløyve høve til å nytta denne som erstatningsbil. Å nytta permanent erstatningsbil med eige taksameter kan vera konkurransevridande. Av omsyn til likebehandling må regelverket handhevast eins for alle, uavhengig av om sentralen har gode tekniske løysingar. Det er taksameter i den ordinære drosja som skal nyttast i erstatningsbilen.

Permanent erstatningsbil er ikkje del av driftsmidlane, då driftsmidlane svarar til det talet på løyve ein løyvehavar har. Investeringane dine i erstatningsbil skuldast ikkje driftsstans på den ordinære drosja, men har gitt deg fleksibilitet ved å driva drosjeverksemd med fleire bilar enn det du har løyve til. Samferdselsavdelinga finn at dine utgifter til erstatningsbil ikkje gjev grunnlag for å gje dispensasjon frå avviklingsfristen 1. august 2015. Søknaden din om avviklingsfrist til 1. august 2016 vert avslått.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket til Klagenemnda innan ein frist på 3 veker etter at ein fekk melding om vedtaket. Klagen skal sendast til samferdselssjefen. Fylgjene av ein eventuell klage kan bli at vedtaket blir endra.

Etter forvaltingslova § 27 b kan søksmål om vedtaket er lovleg eller krav om erstatning som fylgje av eit slikt vedtak ikkje reisast før parten har nytta høve til å påklage vedtaket. Det vert sett ein søksmålfrist på 2 mnd. frå eit eventuelt vedtak klagenemnda, jfr yrkestransportlova § 34. Med heimel i forvaltningslova §18 jfr § 19 har part – med visse unntak – rett til innsyn i dokumenta i saka. Ein må i så tilfelle venda seg til samferdselsavdelinga.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.